


Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep

0032 Oslo



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM

Telefon : 53 43 01 00
Telefax : 53 43 01 01
Dir. tlf. : 53 43 01 09
Mobil : 99 21 01 09
Org. nr. : 979 494 009

Dykkar ref. :

Vår ref. : Gerhard Alsaker/Ove Gjerde

Dato : 13.04.2011

Alsaker Fjordbruk AS

Merknader - Utkast til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Alsaker Fjordbruk AS er ei lokalt familieeigd verksemd med hovudkontor på Onarheim i Tysnes kommune. Verksemda har funksjon som eit managementselskap for ulike matfiskselskap i Hordaland og Rogaland. Samstundes er Alsaker Fjordbruk AS ein eieigar av prosessanlegg og fleire smoltanlegg, og i tillegg eit serviceselskap. Denne organiseringa har eksistert sidan selskapet vart utvikla.

I det fylgjande vil me kommentera høyringa som gjeld framlegg til Hardangerfjordforskrift. Me presiserar at me her held oss til det utkastet som ligg føre med omsyn til korleis ein eventuell reduksjon av produksjonen skal fordelast på dei ymse oppdrettarane i regionen. Me føreset at dersom departementet vil vurdere heilt andre vis å organisera dette på – slik me veit at ein skilde aktørar meiner – vil saka verta sendt ut på ny høyring. Dette er turvande mellom anna av di konsekvensane av forskrifta då kan verte heilt andre og mykje meir alvorleg for ein skilde aktørar, og reisa heilt andre problemstillingar i høve til både fagleg og juridisk grunnlag for reguleringa.

Organisering

Fylgjande selskap er knytt til managementet:

1. Matfisk

- **Hordaland/Sunnhordland**
 - **Fjelberg Fjordbruk AS**, Kvinnherad kommune (org. nr. 940 887 836) – HK 13, HK 35, HK 51 og HK62
 - **Nordsjø Fjordbruk AS**, Bømlo kommune (org. nr. 914 725 739) HB 06 og HB 29
 - **Sunnhordland Fjordbruk AS**, Etne kommune (org. nr. 928 801 373) HE 1 og HE 34
 - **Tysnes Fjordbruk AS**, Tysnes kommune (org. nr. 979 495 358) H T 03, HT 06, HT 016 og HT 20
- **Rogaland**
 - **Rogaland Fjordbruk AS**, Suldal kommune (org. nr. 938 567 697) RFD 5, RSD 03, RSD 05, RSD 21, RSS 17 og RTV 01
 - **Røvær Fjordbruk AS**, Haugesund kommune (org. nr. 977 203 740) RH 03
 - **Toftøy Fjordbruk AS**, Tysvær kommune (org. nr. 935 443 881) RTV 03 og RTV 06
 - **Amøy Fjordbruk AS**, Rennesøy kommune (org. nr. 966 740 124) RR09

Selskapa i Hordaland har all sin aktivitet i innanfor nedslaget til Hardangerfjordforskrifta. I tillegg har Rogaland Fjordbruk AS ein stor del av sin produksjon i området som vert råka av forskrifta, Vindafjord kommune.

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjørlve
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Igland
Bruk AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Amøy
Fjordbruk AS

2. Settefisk

Bjøleve Bruk AS, Kvam Herad (org. nr 979 724 551), HKM 08
Fjon Bruk AS, Sveio kommune (org. nr 983 664 490), HSO 03
Igland Bruk AS, Fusa kommune (org. nr. 946 109 614), HFS 31
Onarheim Bruk AS, Tysnes kommune(org. nr. 992 259 418), HT 03
Salar Bruk AS, Meland kommune (org. nr. 986 201 270), HML 03
Ølve Bruk AS, Kvinnherad kommune (989 878 344), HK 09

3. Slakteri

Viking Fjord AS, Kvinnherad (org. nr. 979 700 121), H-111

4. Service

Fjordbruk Service AS, Tysnes kommune (org. nr. 896 260 502)

Samla har verksemdene som Alsaker Fjordbruk har management for, totalt 167 årsverk fordelt på:

Settefisk	40 stk	Matfisk	64 stk
Slakteri	48 stk	Administrasjon	15 stk

I tillegg kjem ein betydeleg stab av eksterne underleverandørar.

I 2010 hadde selskapa samla ein produksjon på:

Matfisk 27 100 tonn Selt yngel / smolt 14,4 mill stk

Ansiennitet

Samtlege av ovannemnde konsesjonar har svært lang ansiennitet i Sunnhordlandsbassenget.

Verdiar

Selskapa har store verdiar i levande fisk og utstyr plassert i sjø og på land i Sunnhordland. Alsaker Fjordbruk AS er den største skatteytaren i Tysnes kommune, og managementselskap og dotterselskap er betydelege skatteytarar i andre kommunar. Selskapa hadde ein samla skattekostnad i 2010 på 68 mill kr.

Dei siste 5 åra har dei ulike selskapa samla investert 555 millionar kr lokalt i regionen. Det meste handla hos lokale leverandørar.

Grunnlag for forskrift

Som ein regional aktør kan me ikkje sjå at FKD;

- ✓ Fagleg har dokumentert valet av eit tak på 50.000 tonn
- ✓ Fagleg har dokumentert nedslagsfeltet til forskrifta
- ✓ Fagleg har dokumentert grunnlaget for at Langenuen er teke med i framlegget
- ✓ Har teke omsyn til at regionen, sidan 2008, har fått 3 nye forskrifter å halda seg til, m.a. *Soneforskrifta*. Me kan heller ikkje sjå at FKD i denne samanheng har vurdert verknaden av desse forskriftene opp mot Hardangerfjordforskrifta
- ✓ Har vurdert innspela frå *Gullestadutvalet* mot korkje framlegg til Hardangerfjordforskrifta, Soneforskrifta m.m..
- ✓ Har vurdert ein heilskap knytt til forvaltninga av villaksen og sjøauren i elvane regionalt m.o.t. kraftutbygging (drift og nybygging), utslepp, jorderosjon m.m..
- ✓ Har vurdert korleis forskrifta skal evaluerast. Kva som skal liggja til grunn, korleis, kven og når
- ✓ Har ikkje vurdert dei totale konsekvensane for tilsette, bygder, kommunar eller selskap på kort, mellomlang, og lang sikt.

Ovannemnde er eit brot med god forvaltningsskikk, og samstundes syner det ein mangel på respekt for dei mange lokale og regionale partar som vert råka.

Me vil også peika på at departementet i høyringsbrevet gjev inntrykk av at føremålet med forskrifta er å sikra at produksjonen vert frose på 2008-nivå, ved at det ikkje på noko tidspunkt skal stå meir enn 50.000 tonn fisk i området. Sjølve forskriftsutkastet går mykje lengre enn dette når det fastset at ei rekkje akvakulturløyve ikkje skal kunna nyttast med meir enn 25 %. Verksemdene som Alsaker Fjordbruk har management for, vil kunna leva med at ein ikkje kan ha meir fisk i sjøen enn i 2008, dvs at det ikkje kan vera meir enn 780 tonn MTB pr konsesjon. Då vil produksjonen verta mykje den same som i 2008. At nokon av løyva ikkje skal kunne nyttast med meir enn 25 %, vil føra til ein monaleg reduksjon av produksjonen, med dei alvorlege konsekvensar som me gjer greie for nedanfor. At det er eit openbart mishøve mellom det departementet seier at ein vil oppnå og det som vil verta dei reelle konsekvensar av forskrifta, viser for oss at forvaltninga ikkje veit kva dei er i ferd med å stella i stand og at det forvaltningsmessige handverket ikkje held mål i denne saka.

FKD sitt framlegg om eitt kvoteområde på innsida og eitt på utsida av Hardangerfjorden vil føra til meir byråkrati, meir usikkerheit og meir usemje både internt i forvaltninga og mellom forvaltning og verksemd. At Fiskeridirektoratet tek over forvaltninga av Hardangerfjorden vil forsterka dette. Me meiner at ei overføring av mynde frå Hordaland Fylkeskommune til Fiskeridirektoratet er eit brot med tidlegare Stortingsvedtak om fordeling av mynde mellom Fiskeristyresmaktane og Fylkeskommunen.

Sunnhordland og Hardanger var fyrst ute med å etablere regionalt fiskehelsenettverk, raskt ute med å etablere lave grenser for lus (under nivå frå forvaltninga), greip tak i PD og lus gjennom PD-Fri og LusaLaus, og har starta arbeidet inn mot elveigarane i regionen:

- Om lus er eit for stort problem, kvifor skjær ikkje forvaltninga igjennom og opnar opp heile fjorden, slik at me kan ta i bruk areal med meir ferskvatn ?
- Om drifta i volum er eit problem, kvifor er Fiskeridirektoratet sine regiongrenser då eit hinder for å finna løysningar på tvers av grensene ?

Me meiner at fredinga av indre del av Hardangerfjordsystemet ikkje vert gjort på fagleg grunnlag. Spesielt i høve til lakselus og fiskehelse. Ei opning av det indre fjordbassenget, ville ha gjeve oss eit langt betre grunnlag for regional utvikling. Me meiner fredinga bryt med Stortinget sitt vedtak frå våren 2007 om Nasjonale Laksefjordar, jamfør St.prp. nr. 32 (2006-2007) og Innst. S. nr. 183 (2006-2007).

Med omsyn til at ein rømt fisk sym langt, kan me slå fast at det ikkje vert mindre rømt fisk i elvane i Hardanger om produksjonen vert teke ned så monaleg som føreslege. Det er drifta og fokuset i anlegga som regulerer dette.

Konsekvens av forskrift

Produksjon

Selskapa Alsaker Fjordbruk AS har management for, må som fylgje av forskrifta totalt redusere med 2,25 konsesjonar. Denne aktiviteten må anten leggjast ned og / eller flyttast ut av Sunnhordland / Hardanger. Utfordringa ligg i at dei ulike selskapa ikkje har aktivitet på utsida av verkeområdet for forskrifta.

Som fylgje av at Hardangerfjorden og Bjørnefjordbassenget vart innlemma i ei ny soneforskrift, vart produksjonen i dei ulike managementselskapa lagt om, og redusert. Dette har ført til ei redusert og ujamn tilgang på råstoff til prosessanlegget Viking Fjord AS, samt endring i produksjonen av settefisk. Eit bortfall av ytterlegare produksjon vil gje auka nedgong i prosessanlegget og ytterlegare endring av leveransane til slakting. Konsekvensane vert at me ikkje får jamn tilgang på råstoff, må i periodar permittera tilsette, misser naudsynt kompetanse og må hyra inn tilfeldig hjelp. Dette svekkar samla dei økonomiske tilhøva ved anlegget. Det kan leggjast til at det ikkje er "lause kilo" på slakt i Sunnhordland. Dagens anlegg har i all hovudsak vore knytt til faste leveransar.

Reduksjonen i produksjon hos managementselskapa, vil føra til at om lag 18 årsverk går tapt – matfisk, smolt, prosess og administrasjon. Me kan ikkje sjå at det er grunnlag for å flytta aktiviteten ut av forskriftsområdet. Den einkilde verksemda har ikkje lokalitetar på utsida, og om ein skulle freista å samarbeida med andre, ville dette mest sannsynleg føra til at fisk må slaktast på anna slakteri. Ei utflytting vil òg føra til at investeringar som er gjort, ytterlegare kan medføra store tap for alle selskapa.

Det er òg slått fast at kommunane på utsida av Hardangerfjorden ligg etter m.o.t. oppdatert arealplanlegging, noko som vil vera eit hinder for utflytting. Dette vert forsterka av at kommunane kan hindra etablering av verksemd lokalt. Spesielt om kommunane ikkje får nok arbeidsplassar igjen. Og når FKD ikkje har nokon gjennomskjeringskraft vil ein "møta veggen".

Fjon Bruk AS og Salar Bruk AS er begge betydelege leverandørar av smolt i regionen. Den skisserte nedgangen i verkeområdet for forskrifta vil føra til ei reduksjon i smoltutsetta på mellom 6 og 8 millionar stk. Dette vil påverka drifta av anlegga negativt, og vil òg føra til oppseiing av om lag 8 årsverk.

Fleksibilitet

Slik forskrifta er lagt opp, vert Hardangerfjorden ein stat i staten, jamfør at myndet til å styra fjorden vert overført frå fylket til fiskeridirektoratet. Om det skulle koma ei opning på å flytta ut noko av produksjonen i managementselskapa, vil delinga mellom direktorat og fylke gjera det ekstra vanskeleg for selskapa. Meir byråkrati, meir ueinigheit, meir konflikt, lengre sakshandsamingstid m.m.. Dette samstundes som me skal gjera investeringar og tenkja langsiktig utvikling.

Oppe i det heile, så freistar FKD å synleggjera at forskrifta kan verta kortsiktig, samt at ein er viljug til å reversera forskrifta. Det skapar uvisse hos oss og våre leverandørar.

Handling

Me er grunnleggjande ueinige i innføringa av Hardangerfjordforskrifta. Føremålet med forskrifta er langt på veg løyst gjennom andre tiltak regionalt. Me meiner at Hardangerfjordforskrifta må konsekvensutgreiast med bakgrunn i m.a.:

1. Grunnlaget for forskrifta
2. Tilhøva ovanfor, innført soneforskrift i regionen samt nye soneforskrifter i Rogaland og Nordhordland
3. Tilhøva for den langsiktige satsinga på havbruk i regionen/fylket
4. Framlegga frå *Gullestadutvalet*

Tankevekkar - Oppsummering

Når forvaltninga no legg fram nok ei særlov for Sunnhordland og Hardanger, og nok ei lov som berre gjev negative pålegg, som fullstendig manglar forankring, då må me diverre berre tilstå at motlausa sig på!

Uansett kva positive ringverknader me har tilført lokale og regionale tiltak, uansett kor framtidsretta dialogar om løysningar me har teke del i, så vert me stendig møtt med ytterlegare og urealistiske krav. Er verkeleg lakseoppdrett i Sunnhordland og Hardanger så lite framtidsretta? Næringa har dei siste 50 åra stendig vore innovativ og gjennom ei spanande utvikling, utfordringar er vorte løyste i eit samspel mellom ulike offentlege mynde og dei aktive aktørane innanfor næringa. Næringa, som produsent av viktig og sunn mat, tilfører betydeleg verdiskaping for lokale, regionale og nasjonale aktørar.

Både det lokale og regionale trykket frå ulike media har vore stort den siste tida. Noko har vore på sin plass, men mykje har vore direkte feilinformasjon. Stendig fleire som ynskjer næringa bort frå regionen, har heve seg på i debatten. I eit slikt bilete har det vore trist å observera mangel på heilskap frå FKD, mangel på å setja seg inn i kva som er gjort lokalt, og mangel på respekt for oss som lokale aktørar.

Me kan sjølvsagt akseptera at offentlege mynde og andre aktørar og interessegrupper, mellom anna elveeigarar, fiskarar og natur, har andre vurderingar av dei utfordringar næringa i vårt område har med omsyn til miljø, berekraft og fiskehelse enn me som driv i næringa har sjølve. Me må også respektera at samfunnet finn det rett å ta ein "tenkepause" der aktivitetsnivået i ein avgrensa periode skal frysast inntil ein har rimeleg sikkerheit for at næringa sjølv taklar utfordringane på forsvarleg vis. Det me no reagerar på, er at FKD synest å gje etter for press frå næringa sine motstandar og vil setja i verk ein vesentleg nedbygging av næringa i eit bestemt område for å nå eit særskilt miljømål, utan at det ligg føre nokon heilskapleg analyse av kva ein vil oppnå, om det er mogeleg eller sannsynleg å oppnå målet gjennom ei slik nedbygging, eller om målet kan nåast på andre vis, som ikkje øydelegg næringa si konkurransevne.

FKD har bidrege til ei direkte undergraving av det initiativ og det arbeidet me over tid har sett i gang både regionalt og lokalt. FKD har i altfor liten grad vore interessert i dialog med "eiga" næring, men diverre neglisjert dei innspela som har kome og lete vera å orientera seg om lokale tilhøve. Det er ikkje eit departement verdig!

Som aktør vert me motlause, og me lurar ofte på kvifor me investerer og står på for å skapa lokale og regionale verdjar. Kvifor skal me ta risiko, satsa alt me eig, når vår eigen faginstans ikkje byggjer opp om det?

Me har utfordringar i næringa vår og desse har me gripe fatt i, men desse er ikkje større enn det andre næringar i landet har. Det er ei utfordring å gå frå å setja eit fotavtrykk ovanfor einskilde miljøparatmetra, til at vårt eige Departement legg opp til at det er næringa vår som har heile skulda.

Me er diverre komen inn i ei vond spiral. FKD/Forvaltninga gjev oss stadig nye særreglar. Diverre vert det ikkje gjeve god nok bakgrunnsinformasjon - grunngevingane vert tynnare og tynnare, fotavtrykk vert til skuld, pågang vert avløyst av motgang og vidare av motlause.

Me er ueinig i grunnlaget for Hardangerfjordforskrifta, og me meiner omfanget av forskrifta er så alvorleg, at dei skulle vore konsekvensutgreidd!

\$\$\$

Alsaker Fjordbruk AS har 25 års jubileum i 2011. Verksemda er tufta på at Noreg ynskter å byggja opp ei ny næring.


Det har opp gjennom åra vore mykje hardt arbeid, slit og store utfordringar, men me har ikkje gjort noko anna enn å gripa fatt i dei naturgjevne mulegheitene som "Vår Herre" har gjeve oss her i Sunnhordland. Me har på tross av eit stadig meir krevjande og lite oppdrettsvenleg byråkrati valt å klora oss fast der me har røtene våre, og ikkje ta lettvinde vinstar på børsen for deretter å reisa "dit peparen gror", for så å overlata "problema" til andre - sjølv om det fristar meir og meir.

Vensam helsing

Alsaker Fjordbruk AS



Gerhard Meidell Alsaker
Adm. dir
gerhard.alsaker@fjordbruk.no



Ove Gjerde
Samfunnskontakt
ove.gjerde@fjordbruk.no